

Månadsbrev **NOVEMBER** 2016

Det er ikkje alltid ting vert som planlagt, så me slo saman SN-dag med arbeid med berekraftsmål og løp for Bahati house 24. oktober. Elevane lærte mykje om korleis me kan ta vare på jorda vår, om me berre samarbeider, og dei sprang og sprang, og sprang inn kr. 24.250,-. I veke 43 hadde to jenter frå Outdoor College praksisveke hos oss. Dei var rundt i alle klassar for å læra korleis det er i norsk skule, og engasjerte seg både i undervisinga og ute i friminutta. Fredag same veke var Tøri lærar i 1. og 2. klasse som ein del av OM-dag på Tryggheim skular for å støtta arbeidet til NLM i Kenya.

Foreldrekonferansar i 1.-4. klasse og 6.-7. klasse vert gjennomført første veka i november. Hugs at du då kan nytta datarommet for å svara på foreldreundersøkinga, sjå førre månadsbrev, noko 12% allereie har gjort pr. 30. oktober. Fristen er framleis **seinast 30. november**.

Det skjer mykje for ungdomsskuleelevane i november. 10. klasse skal **hospitera** på **vidaregåande skule** 1. november, og dei skal ha **arbeidslivstrening** 3. og 4. november, der 4. november er **OD-dag** til inntekt for ArcKenya. Denne er sjølvsagt 9. klasse òg med på. Allereie laurdag 5. set dei seg på bussen til Väike-Maarja, der dei bur privat hos elevar på Väike-Maarja Gümnasium, får vera med på skulen, læra om kommunen og nærområdet og får omvising i Tallinn. 28. november blir det ny MOT-samling, denne gongen på Tonstad skule. Og 29. november får dei besøk av **Den kulturelle skulesekken** og Stein Versto "Med dikt i skreppa" der dei skal læra om haikudikt.

Mellomtrinnet har hatt ei fin **haustsamling** på Kvæven med mykje god mat og speling, medan 3. klasse skal ha si haustsamling på skulen 9. november og 1.-2. klasse 14. november. 11. november vil 1.-7. klasse vera med på **BlimE-dansen** i regi av NRK Super, så dei øver for harde livet.



Fredag 4. november er det **kommunedag**, og då skal alle tilsette på motivasjonsforedrag med Live Landmark, men det er berre halv dag, så undervisinga går (mest) som normalt. **Hovudutval for oppvekst og levekår** kjem på besøk på Sinnes skule 9. november for omvising, informasjon om skulen og ordinært møte.

Me gleder oss til besøk av Runa og mora frå Villmarksbarna denne månaden, men det vart for vanskeleg pga. nye TV-innspelningar, så nå satsar me på besøk i februar i staden.

16. november vert det **onsdagsskule**, og **18. november** fri for alle, for då skal lærarane på Skolemøtet i Rogaland. Skulen held framleis på med skulebasert kompetanseutvikling, og rektor skal på siste samling på Flesland 22.-23. november. På skulen arbeider me i den samanhengen med å laga ein sosial læreplan. Nå startar òg revisjon av "Sirdalsskulen - mål og strategiar" der m.a. leiar i FAU er med i arbeidsgruppa.

Sinnes 31.11.16, *Ave-Berit* (rektor)